

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2. Fylke: Nordland.  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Rødøy.  
 Emne: Bygdelag: Storselsøy, ~~Sørfjorden~~  
 og Melfjorden.  
 Oppskr. av: T.K.Heen og ~~Ole Hyttan~~. Gard:  
 (adresse): Nordværnes ~~Hanvikhaugen~~ Gr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

<i>Mar er fødd 1856.</i>	SVAR	<i>T.K.Heen fødd 1884.</i>
<i>.. . fødd 1936</i>		
<p>På Storselsøy i Rødøy - der eg har vakse opp - har dei så lenge eg kan hugse køyrd inn høyet i vogner. Men mor mi - som har budd på denne øya heile sitt liv - fortalde at far hennar var den første som fekk seg vogner. Han laga seg både kortvogn ( Bikkvogn ) og langvogn ( Høyvogn ). Dei første vognhjula han laga seg, var laga av plankar som var spikra isaman på kryss. Asen var ein treås, som var gjort lite smekrare på endane og stukke inn i trehjula. Til smurning var bruka tran eller lever.</p> <p>Eg har sett ei kortvogn med treås og trehjul i bruk på Storselsøy så seint som i 1898.</p> <p>Før min bestefar fekk seg vogner, til høykøyring, brukte dei på Storselsøy sledar.- På høysleden - fortalde mor - var det to stavar framme og to stavar atte. Desse stavane stod oppreiste, men dei var ikkje lange. Høyet vart kjemma med riva, og kjemmene lagt på sleden mellom desse stavane. Under lessinga var ein mann eller nokre ungar oppe i sleden og trødde lasset saman. Når lasset var stort nok, vart det lagt eit tog over det. Dette toget vart godt stramma, så ikkje lasset skulde ramle utover under innkøyringa.-</p> <p>Dei som ikkje har hatt hestar- har her ute på øyane alle dagar brukt " bøllbainn " til å flutte høyet med. ( Bøllbainn er det same som børband. I Rødøy brukes i mange høve tjukk l istaden for r. Vale istaden for varde, Ei bølla istaden for ei bør ).</p> <p>Bøllbainnet vart lagt dubbelt på marka. Så vart graset eller høyet kjemma i høveleg kjemmer, og desse lagt i bainnet til det vart ei høveleg bølla. Så vart bølla ridd godt ihop, og hjelpesmannen hjelpte til med å løfte bølla på ryggen til beraren. Nokre bar "bøllan" på hovudet, andre på ryggen. Det var så ymse med det.</p> <p>Gardane på Storselsøy åtte mange øyar <del>som det gjekk an å slå i Selsøyværet.</del> <i>Selsøyværet</i>. Mor fortalde at dei reiste med mange storbåtar til øyane i slottonna. Og då øyane var felleseiga for fleire gardar, kunde det vera ein 15 til 20 slottekarar og 10 til 12 rakargjenter som reiste til været på slotte.</p> <p>Karane slo og rakarane raka graset saman i rågrasmue ( Dungar, såtem) Utpå ettermiddagen vart så muene kjemma opp og lagt i bøllbainn og så bore ned i båtane. Om nettene låg slottefolket under tjeld (Telt laga av segl ) eller dei sov i høyet ombord i båtane.</p>		

Ein slik slåttetur måtte ikkje varalenger enn 2 til 3 døgn.- Varde turen lenger, gjekk det varme i farmen ( høyet ) og det var ikkje bra.

Heimkomne vart dei lasta storbåtane rodd opp på ei fjøra ved flo sjø. Når sjøen tok til å falle, vart det sett skole (skorer ) under dei, så dei vart ståande beine. Og på fjøra vart så høyet køyrd heim på vollane til turking.-

Eigarane delte høyet etter kvart dei tok det ut av båtane, og køyrde det dei skulde ha av rågraset beinast til gardane sine,-

*Ardebornes 12 februar 1947.*

*T. H. Steen*

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

183

Hanvikhaugen, den 13/1 1947.

Transport av høy.

På oppmodning frå T. K. Heen skriv herr Ole Hyttan.

En meget stor del av høyet som brukes i Melfjord og Sørfjord hentes fra ~~fjellbøtta~~ utslåtter. Omtrent alle som har ei eller fleire kyr eller sauer henter mere eller mindre for fra disse utslåtter.

Høyet transporteres i sekker bundet av snøre. En sekk kan ta omlag 50 til 60 kg. rått gras. Etter at høyet er slått, rakes ~~det~~ sammen i hauger ( muer ), pakkes sekkene. Man er almindelig to om hver sekk. En lemper gras oppi og den andre står oppi sekken og trækker samtidig som han med nevene holder sekken oppe. Når sekken er fyllt, snøres den sammen med et snøre " reiparband". Man sier da at man reiper sekken. En pakket sekk har form som en kule. Den må være pakket meget hårdt. Den er da lett å trille til sjøen. I ller og bakker rusler den av seg selv nedover, ofte med stor fart.-

Når man har fått alle sekkene pakket, trilles de til sjøen og samles der, Så skippes de inn i båt, og transporteres heim på denne. Kommen heim, lempes sekkene på land, hvoretter de beres eller kjøres til tørkeplassen. Denne kan være woll eller hesje. Hesje er mest almindelig.

Når det er tørt, kjøres eller beres det i hus. Å tørke høyet i utslåtten, for siden å pakke det i sekker og transportere det heim på båt, brukes skjelden.

Ein høyskogtur kan ta ein eller fleire dager - høyst 3. dager - etter som det høver til - om man har langt til utslåtten, og om man har stor eller liten båt. Det er nu almindelig å bruke motorbåt, men også større og mindre småbåter brukes- og har alltid vært brukt.-

Før sekkene ved hundreårsskiftet blev tatt ibruk, bar man høyet fra slotteteigen ned til båten i borer lagt i " viband" ( Vidjeband. Eit viband bestod av to lange kvister knyttet sammen i toppen med lauvet på. Den ene kvisten var enkelt " sveip". Den andre var dobbelt med en kløft i rotenden " sule". Når graset var kjemmet og lagt på vibandet, blev endene bøyet sammen, sveipen stukket inn i sulen og der blev strammet til. Den som bar løftet bora fram etter sveipen, og hans hjelper løftet bakfra. Sveipen blev under beringa lagt på hodet med hendene som mellomlag.

Vibandet bruktes også til å bere tørt høy med. Det var da meget større - lengere -. Det er nu nesten gått av bruk. Nå bruker man mest tog av hamp.

Til kjøring av tørt høy bruktes inntil for 20 - 30 år siden nesten alltid slede. Høysleden hadde grind for og bak. Man kjemmet da høyet og lagde det på sleden til lasset nådde langt oppom grindene. Etterpå surret man en stakk oppå lasset. ( Namnet på stokken huskes ikke). Senere laget man grinder på sidene også (av sleden). Det blev da slutt med å kjemme høyet og legge det på sleden. Man lempet høyet oppi og trakk det ned.

Nå er sleden gått av bruk til høytransport. Mest alle som har hest bruker vogn. Den er meget større enn sleden, og den har også grinder rundt om. En vogn er omlag 4. alen lang innenfor grindene. Man regner at en vogn tar 4. borer.

Erbødigst.  
Ole N. Hyttan.  
65 år.

Høytørking.

Hesjing av høyet er godt kjent og framgangs-  
måten er vel stort set omlag den same over heile landet.


I Rødøy vert mesteparten av høyet tørka på  
marka.- Når denne måten vert mest bruka enno, kjem det  
vel av at kommunen har mykje fjell. Vinden unda desse  
fjella kjem i kulingar. Og av dei skal det ikkje så  
mykje til før dei bles høyet ut av hesjane.-

Når det er god høytørk, og graset t.d. vert  
slyen ( Her er eit lite kystdistrikt som har ei underleg  
form for fortids partisipet i nokre ord: Å slå, slår, slo  
slye. Å drag, dreg, drog, drye. Å ligg, ligg, låg, lye).  
med maskin om morgonen, ligg det urøyrd til fram imot  
middag andre dagen.- Då vert det kådd ( Snudd om ) Mot  
kvelden vert det sæta ( Sett i såter ) Neste morgon vert  
sætene kasta ut, og høyet breidd. Utpå ettermiddagen  
vert det kådd, og mot kvelden raka saman i muer og inn-  
køyrd. Skulde det ikkje vera tørt, blir det sæta for  
andre gongen.-

Sættinga vert gjort på den måten at to rakarar  
går omlag i breidd og rakar mot einannan, så høybreida  
vert oppdelt i remsar.-

Den tredje rakaren kjemmer så opp desse  
remsene og sett tre opp-på einannan til ei sæte.  
Denne måten er vanleg når det ikkje vert bruka hesterive.

Nordværnes, den 12. februar 1947.



183